

Trønderbunad nesten på topp

Trønderbunaden kommer på andreplass etter nordlandsbunaden på søkemetoren Kvasirs oversikt over hvilke bunader folk søker mest informasjon om. Meldalsbunaden er også populær og kommer på tiendeplass på lista over de bunadene som folk søker mest på.

» Svorkbygda teaterlag kan farse. Dei har god regi og godt teknisk mannskap

Hvem fortjener trivselspris?


ORKDAL: Orkanger Vel skal igjen dele ut trivselsprisen, som skal gå til noen som skaper trivsel på Orkanger. Den er delt ut hvert år siden 2003. I fjor gikk prisen til OIF fotball, spesielt for arbeidet med integrering. Orkanger Vel tar imot forslag til hvem som fortjener prisen i år.

Motivasjonsmøte

Skaun kommune inviterer til motivasjonsmøte for lag og organisasjoner torsdag 31. mai i Skaun rådhus. Hvordan kan lagene rekruttere nye medlemmer og hvordan kan de bidra til å ønske nye innbyggere blir tema. Skaun vil styrke frivilligheten, og lag og organisasjoner har en fin arena å presentere seg på når kommunen inviterer alle nyinnflytta skauninger til flottardagsmøte 2. oktober.



To koner. To leiligheter. Hanne Hansen (Sigrid) på Melhus og Mai Britt Jamtoy (Barbara) på Orkanger.



Naboen Randi (Mari Østeggen) eglar seg innpå politimannen (Øystein Skarholt)



Herr Larsen et opp Adresseavisen (Edvard Øyangen).

Konekaos i Svorkbygda

Kva gjer du når du har to koner og står i fare for å bli avslørt?

Kva gjer du når du skulle vore på Orkanger med den eine kona, men er på Melhus med den andre, når politiet står på døra, og din venn Børre vil hjelpe deg?

Opptakten kjem i form av ein artig video tatt opp på location på Melhus. Taxisjåføren og bigamisten Steinar Larsen (Edvard Øyangen) får det ikkje lett etter at han blander seg inn i eit ran, blir slått i hovudet med ei handveske utafor vertshuset Høvdingen og hamnar på sjukehus.

Lyg

Kva han gjer når han turlar inn døra til kona Sigrid (Hanne Hansen) på Melhus med bandasje på hovudet? Lyg sjølvsagt. Lyg så det renn, og «suser som mellom Orkanger og Melhus som ei overkåt hommel,» som hans venn Børre (Jomar Bjørnbeth) uttrykker det.

Farsen *Kona eller livet* er i gang i Svorkbygda ungdomshus, og dei to kompisane viklar seg meir og meir inn i håplause dekkhistorier. Er Børre bonde, eller er han mannen til Sigrid, eller er han tvert imot Steinar Larsen og far til «lille Børre». Eller:

– Homofil? Hærregud. Æ har jo nok med å overbevis folk om at æ e homo sapiens! roper Børre. Jomar Bjørnbeth har skapt ein ny publikumsynding i den tomsete leigebuarven med dei mange faktene. Hovudpersonen sjølv (Øyangen) er opp nesten ei heil adresseavis for å skjule spør, mens politifolka blir dummar og dummar og konene meir og meir desperate. Hanne Hansen står for kveldens mest hysteriske hyl, Mari Østeggen for tidens



Hanne Hansen (Sigrid) står for forestillingas mest desperate hyl. F.v.: bigamisten Larsen (Edvard Øyangen), politimann John Ødyn og den gode hjelparen Børre (Jomar Bjørnbeth).

teitaste og mest innpåslipte nabo, mens Mai Britt Jamtoy er den alltid villige andrekona Barbara.



Gode kompisar viklar seg inn i meir og meir sutt. Jomar Bjørnbeth (l.v.) og Edvard Øyangen.

Delt i to

Scenografien er elegant, med ei scene som frekt er delt i to. Halve sofaen er i leiligheta på Orkanger, og halve sofaen i Melhus. Mykje av forvirringa skjer på telefon mellom leilighetiene, og

vi kjøper at dei som er på Melhus, kan springe gjennom leiligheta på Orkanger og omvendt.

Første akt verka kanskje litt lang, men som så ofte for tar spelet seg voldsomt opp i andre akt. Da sit taiminga og replikkane, og publikum gir seg over. Svorkbygda teaterlag kan farse. Dei har god regi, godt teknisk mannskap, og ikkje minst gode sufflorar (Maret Ødyn og Torstein Grønningen), og da går det godt som regel godt i god svorkbygdetradisjon.

Premieren var 17. mai. Det blir nye forestillingar 18. mai og 23. mai.

Melding er basert på generalprøven

Marte Mona

Barnelaget held koken



Oda Marie Jamtoy og Malin Westerlund song Trenger deg av Sval og lekk med seg heile barnelaget til slutt. Som vanleg er barnelaget først i elden når Svorkbygda teaterlag feitar nasjonaldagen, og i år varta dei opp med både song og sketsjar.